

Preike 1. s i fastetida

Ståle Johan Aklestad

Molde domkirke

Jesu ansikt

Har du nokon gong sovna i ein situasjon der du absolutt ikkje skulle sovne? Eller kjempa med søvnen i ein situasjon der det ville vere veldig flaut å vise at du ikkje fylgjer med?

Dei fleste av oss har vore der. Vi har glippa med augo i både trivielle og i flaue situasjonar, og i farlege situasjonar. Og søvnen er ein mektig motstandar. Han krev det han krev. Du kan gjerne forhandle, men du kan ikkje kjøpe deg ut.

*

Vi startar på fastetida i kyrkja no. Og vi møter Jesus i ein hage, eller kanskje meir som ein lite skog i eit ope kulturlandskap. Vi er i Midtausten, så vegetasjonen er tørr. Trea er store og knudrete. Det er skumring. Kanskje høyrer vi lyden av kvilande beitedyr i nærleiken. Jesus er der saman med tre vener. Og dei kjempar, alle saman. Men dei kjempar kvar sine kampar. Jesus kjempar med frykta. Venene kjempar med søvnen.

Og der er ei einsemd over Jesus i dag. Og ein dirrande nerve av frykt. Til og med noko som kan likne på ironi, i alle fall djup skuffelse. For tre gongar ber han den same bøna. Men den Gud han vender seg til, er taus. Og tre gongar ber han dei tre om å vake med han. Men venene han søkjer hjelp hjå, sovnar.

*

Det finst nokre ansikt som vi er blitt så vande med å sjå på TV at vi byrjar å kjenne trekka deira, slik vi gjer med menneske vi lever tett på.

Ein av desse er den Ukrainske presidenten Volodymyr Zelenskyj. Han var tidlegare komikar, og utan tidlegare politisk erfaring vart han vald til president i Ukraina i 2019. Dei tre siste åra har han leia eit land i krig, og han er blitt samanlikna med store leiarar som Winston Churchill og vår eigen Haakon VII. Og vi ser stadig ansiktet hans på nyheitene. Det er ope og sterkt, augne er klare, og som regel har han ei ro over seg. Men når vi ser han så ofte, får vi også av og til sjå dei glimta der han ikkje tenkjer over at vi ser på han. Ein slik augneblink såg vi for litt sidan. Eg hugsar ikkje situasjonen, men eg hugsar ansiktet. Han var ikkje sjølv i fokus, men eg trur han fekk dårlege nyheiter. Og augo til Zelenskyj var blanke. Og vi kunne sjå dei mørke skuggane under augo og linjene i ansiktet som har blitt djupare.

*

Volodymyr Zelenskyj levde av å få folk til å le. No bær han eit heilt folk si smerte. Og han må søkje hjelp hjå og bli nedverdiga av folk som ikkje forstår.

Og eg synest å ane nokre parallellar til forteljinga vi høyrer i dag. Kanskje er det det eit slikt ansikt vi får eit glimt inn i Getsemane. Jesu ansikt, i ein augneblink der han ikkje trur vi ser på han. Der han ikkje løyner einsemda og frykta. Der vi ser dei mørke skuggane under augo og linjene som har blitt djupare dei siste åra.

For han bær eit folk sine synder.

*

Læresveinane sovnar. Og slik er det for dei fleste av oss. Vi sovnar sjølv når vi skulle halde oss vakne.

Så finst oppgåver berre nokre få av oss kan bære. Volodymyr Zelenskyj har ei slik.

Og så finst der oppgåver berre ein einaste kan bære. Å tømme heile verda sitt giftbeger. For å berge oss.

*

Og Jesus Kristus reiser seg. Dyra kviler framleis, vinden dreg svakt gjennom blada på oliventrea. Og ansiktet hans har igjen ei bestemtheit. Han vekkjer dei tre venene. For begeret er fylt opp. Timen er komen.

Ære være Faderen og Sonen og Den heilage Ande....